

# Oppstartssamlingar elev- og ungdomsråd 2022-23

## Oppstartssamling for elevrådsarbeidet (grunnskulen)

For å unngå at elevane (og lærar) må bruka tid på reise føreslår me i første omgang å ha ei samling på Teams 21.september kl 9-1030 der elevråda er samla på kvar av skulane. Me legg opp til ein kort introduksjon om kva elevrådsarbeid er, før me legg opp til aktiv deltaking (gruppevis arbeid med innmelding via Mentimeter og diskusjonar på tvers) kring temaet: Kva har elevrådet dykkar lyst til å jobbe med dette skuleåret?

10.klassingane vil få i oppgåve å løfte fram det elevråda har peikt på som viktig i oppstartssamlinga for ungdomsrådsarbeidet.

## Oppstartssamling for ungdomsrådsarbeidet

### Korte fakta

- *Avreise blir 28.9 1035 frå Rubbestadneset båthamn, med retur 29.9 1740 til Rubbestadneset*
- *Heile oppstartssamlinga blir på Thon hotel Bergen Airport*
- *Samlinga er gratis for alle deltakarar*
- *Desse ungdommane blir invitert: Alle elevrådsrepresentantar frå 10.klasse – 3VGS, ungdomsleiarar i lag og organisasjonar retta mot ungdom, ungdomsrådsstyret 2021-22 og vaksne ressurspersonar som kan bidra til ungdomsrådsarbeidet 2022-23. I tillegg til ungdommar frå Bømlo vil det også vera ungdommar frå Askøy med.*
- *Frå Bømlo kommune vil rådgivar for folkehelse og frivilligheit, SLT-koordinator og ein person frå ungdomsteamet delta. I tillegg vil det vera vaksne med frå Askøy kommune*
- *Samlinga er alkoholfri*
- *Ta med:*
  - o *Ein ting som visar noko du er stolt over*
  - o *Ungdomskort om du har (viss ikkje kjøper me billett til deg)*
- *Innan 21. september ber me alle føresette sende*
  - o *Stadfesting på at deltaking er ok (deltakarar som er fylt 18 kan sende påmelding sjølv*
  - o *Det vil bli laga filmar og teke bilete på samlinga. Dersom nokon ikkje ønskjer å vera med på bilete/film må ein gi beskjed om det*
  - o *Evt allergiar eller andre særskilte behov som enkeltrom, tidleg avreise osv.*
- *Ved behov for å ta kontakt med oss for spørsmål før eller undervegs i samlinga kan ein ringe 95934462*

### Program

I løpet av dei to dagane skal me bli kjent med kvarandre og med nokre verktøy som kan vera nyttige når ungdommar i Bømlo og Askøy skal vera med å setja agendaen i året som kjem. Ikkje fortvil om du ikkje kjenner nokon frå før, ikkje har erfaring med elevråd eller ungdomsråd, ikkje likar å snakke foran folk eller om du ikkje heilt veit kva du syns det hadde vore kjekt å jobba med – Alt det finn me ut av i løpet av samlinga - me treng å ha med oss mange forskjellige folk på laget!

### 28.9

1035	Avreise frå Rubbestadneset med hurtigbåten
12-13	Lunsj og registrering
13-1440	Bli kjent!– Til denne delen av samlinga ber me alle ta med seg ein liten ting som viser noko du er stolt over eller som er viktig for deg
1440-1500	Pause

- 1500-1600 ALLEMED-dugnad – Ungdommar frå Bømlo har det siste året vore med på å utvikla ei verktøykasse for dialog av og med ungdommar om korleis me skal få alle med på fritidsaktivitetar. På oppstartssamlinga vil me bli del av denne utviklinga med ungdomsdugnad festa på film så ungdommar i heile Noreg kan gjennomføra dugnadar framover.
- 1600-1630 Ungdommar frå Sommarkontoret på Askøy fortel om korleis dei har bidrege til å skapa møteplass for barn og unge i åtte heile veker!
- 1645-1715 Oppdrag frå Bømlo maker space
- 1715-1800 Kva bryr du deg så mykje om at du vil gjera noko med det?
- 1900 Middag
- 2100 Sosialt samvær

## 29.9

- 9 God morgon! Ein kort innføring i interessentanalyse med ei kort oppgåve i plenum
- 0915-10 Me vel ut nokre av temaa frå dag 1 og startar jobben med å finne *personas*: Kven er heiagjeng for prosjekta, kven må me overtude og kven som har lyst, men veit kanskje ikkje om det endå?
- 10-12 Korleis skapa ein god debatt? Svein Olav Langåker er prosjektleiar for Mostratinget og har lang erfaring med å laga og arrangera debattar. Me skal læra litt om kva som skal til, arrangera prøvedebatt og diskutera korleis dette kan brukast vidare.
- 12-13 Lunsj
- 1300-1305 Oppdrag Liv Kari Eskeland –
- 1305-1315 Menti med evaluering
- 1315-1430 Gruppeoppgåver
- 1430-1500

1530: Avreise hotellet

1740: Ankomst Rubbestadneset med hurtigbåten

Har du spørsmål? Ta kontakt med Lene Borgen Waage på 95934462, eller [lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no](mailto:lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no) – Du kan også ta ein titt på [oppsummeringa](#) frå fjorårets samling eller [filmen](#) me laga etter denne.